

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjøm, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/193-1

## Oppgåvene til fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne og korleis fylkesrådet skal jobbe i perioden 2016 - 2019

### Vedlegg:

Reglement for fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

I reglementet for fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne er det oppført fylgjande formål og oppgåver:

### § 2 Føremål

Rådet skal arbeide for at menneske med nedsett funksjonsevne vert sikra open, brei og tilgjengeleg medverknad i arbeidet med saker som er særleg viktige for menneske med nedsett funksjonsevne.

Rådet er eit rådgivande organ for fylkeskommunale og fylkesstatlege instansar og kommunane i saker som vedkjem funksjonshemma. Rådet skal medverke til at sentrale politiske målsetjingar vert følgde opp.

Overordna målsetjing er å:

- fremje likestilling på alle samfunnsområde og hindre diskriminering
- leggje til rette for aktiv deltaking i samfunnslivet
- ivareta og vidareutvikle funksjonshemma sine rettar
- fremje desentraliserte, integrerte og koordinerte tenester
- fremje universell utforming på alle område

### § 5 Arbeidsoppgåver

Rådet skal:

- Medverke til at samfunnsskapt barrierar vert fjerna, at direkte og indirekte diskriminering blir motarbeidd innafor heile det fylkeskommunale saksområdet, og at menneske med nedsett funksjonsevne får tilgang til dei tenestene og den informasjonen som er nødvendig for at dei skal fungere best muleg.
- Vere særskilt merksam på – og om naudsynt ta initiativ til å betre - samarbeidet og samordninga mellom fylkeskommunale etatar og organ, mellom fylkeskommunen og statlege organ og mellom fylkeskommunen og kommunane
- Handsame saker som er særleg viktige for personar med nedsett funksjonsevne.

- Arbeide med ålmenne tiltak og tenester som også vedkjem funksjonshemma innan m.a. samferdsle, skule, kultur og friluftsliv.
- Ha høve til å gi fråsegn til fylkeskommunen sin økonomiplan og årsbudsjett, fylkesplanen og andre sentrale planar.
- Uttale seg om saker som fylkeskommunale organ legg fram for det.
- Arbeide med universell utforming på alle område.

**Rådet bør:**

- Ta initiativ til og sjølv drive informasjonsarbeid innan fylkeskommunen, overfor ålmenta, kommunar, fylkesstatlege organ, organisasjonar m.m.
- På eige initiativ ta opp og utgreie saker når ein finn dette naudsynt.
- I saker av prinsipiell interesse; få uttale seg i ein førebuande fase av sakshandsaminga.

Gjennomgåande tema som fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne jobba med i perioden 2012 – 2015, var «arbeid for alle». Temaet har gjennomsyra alle møta til fylkesrådet ved at fylkesrådet har hatt møta sine på ulike stader i fylket, der dei har besøkt bedrifter som har til formål å ha arbeid for alle. I tillegg har fylkesrådet arrangert ulike seminar for kommunane i fylket, og samling for nabofylka med «arbeid for alle» som eit av emna.

Andre tema som fylkesrådet har jobba mykje med i perioden 2012 – 2015 er tilrettelagt transport og universell utforming.

**Spørsmål til diskusjon:**

- Korleis ynskjer fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne å jobbe i perioden 2015 – 2019?
- Kva skal syne att av arbeidet som fylkesrådet gjer i inneverande periode? Kva må fylkesrådet gjere av tiltak for å sitje att med eit synleg resultat i utgangen av 2019?